



**Av dei tre gruppene som førebels har møtt til sesongstart i turngruppa, har det vore størst interesse for aerobic. Dei starta onsdag og frammøtet var imponerande, ettersom det stilte 21.**

På ein god annanplass kjem step, som hadde 13 frammøtte måndag. Begge desse gruppene blir instruert av Anette Sund.

Torsdag kveld kom så turen til gymstick, som var svært så populær då apparatet vart introdusert i Uskedalen for eitpar år sidan. I fjor hadde det tydeligvis ikkje i samme grad nyhetens interesse lenger og frammøtet stoppa som regel på 8-10. Det gjorde det også no, det møtte åtte som svetta ut under instruksjon av Janne Hjelmeland.

Ho står lengst til høgre på biletet over. Frå venstre står Lindy Hjelmeland, Heli Korttila, Line Taranger, Edith Haugland, Ingrid Kroka, Sara H. Arnesen, Gorete Myklebust og Åse Myklebust.

Dei øvrige gruppene kjem i gang til veka.

(Foto: Ola Matti Mathisen)